



## **Møte i Studentparlamentet**

nr 3/23-24

Onsdag 29. november 2023

Konferanserommet på Rokken

Kl 16.00-20.00

Matsservering kl 16.00

Møtestart kl 16.30

## Saksliste

Saksliste .....	2
Sak 23 – 23/24: Godkjenning av innkalling og protokoll .....	3
Sak 24 – 23/24: Godkjenning av sakslista .....	3
Sak 25 – 23/24: Orienteringar .....	4
Sak 26 – 23/24: Revidering av budsjett .....	5
Sak 27 – 23/24: Allmøte for tillitsvalgte .....	6
Sak 28 – 23/24: Rekneskapet for Fadderveka 23 .....	7
Sak 29 – 23/24: Innspill til investeringsmidler .....	8
Sak 30 – 23/24: Frivilligpermisjon .....	10
Sak 31 – 23/24: Studentprisen 23-24 .....	11
Sak 32 – 23/24: Vegg til Studentorganisasjonar .....	12
Sak 33 – 23/24: Åpen mulighet til å omgjøre parlamentskontoret .....	14
Sak 34 – 23/24: Sanitærprodukt ved alle toalett .....	16
Sak xx – 23-24: Eventuelt .....	17

**Sak 23 – 23/24: Godkjenning av innkalling og protokoll**

Type sak: Vedtakssak  
 Saksframleggar: Ordstyrar  
 Vedlegg: Vedlegg 1. Protokoll frå møte i Studentparlamentet 01.11.23

**Namneopprop.****AU sitt forslag til vedtak:**

Studentparlamentet godkjenner møteinnkallinga.  
 Ronda og Veronica blir valde til teljekorps for møtet  
 Studentparlamentet godkjenner protokollen frå møte 01.11.23

**Sak 24 – 23/24: Godkjenning av saklista**

Type sak: Vedtakssak  
 Saksframleggar: Ordstyrar

Eventuelle merknadar, tillegg eller endringar av saklista må meldast inn under dette punktet.

**AU sitt forslag til vedtak:**

Studentparlamentet vedtek fylgjande sakliste med dagsorden for møtet:

		Dagsorden for studentparlamentsmøte	*	Saksframlegg
16.00	00	Felles middag		
16.30	23	Godkjenning av innkalling og protokoll	V	Ordstyrar
	24	Godkjenning av sakliste	V	Ordstyrar
	25	Orienteringar	O	Leiar
16:45	26	Revidering av budsjett	V	Velferdsansvarleg
17:00	27	Allmøte for tillitsvalte	D	Fagansvarleg
17:20	28	Rekneskapan for Faddervekestyret 2023	O	Leiar av fadderveka
17:50	29	Innspel til investeringsmidlar	V	Leiar
18:10	30	Frivilligpermisjon	D	Nestleiar
18:25	31	Studentprisen 23-24	D	Leiar
18:40	32	Vegg til studentorganisasjonar	V	Nestleiar
19:10	33	Open moglegheit til å omgjere parlamentskontoret	V	Leiar
19:30	34	Sanitærprodukt ved alle toalett	V	Internasjonal ansvarleg
		Eventuelt		
		Møteslutt, møtekritikk		

\*V = vedtakssaker, O = orienteringssaker D = diskusjonssaker.

Tidspunkta i dagsorden er omtrentlege.

## Sak 25 – 23/24: Orienteringar

Type sak: Orienteringssak

Saksframleggar: Leiar

---

AU orienterer om arbeidet i AU og kva som skjer i Studentparlamentet framover:

- Nytt parlamentskontor? Markering?
- Julemarked 4. desember!
- opplæring av nemnd og utval
- Julebordkomite, juleavslutning 8. desember
- Testing av seksuell overførbart sjukdom på skolen
- Buddyweek
- Oppdatering frå SiVolda og kantina om kaffemaskin og automatene:

Hei, eg fikk en mail frå Rune på samskipnaden om nokre spørsmål som eg kan prøve å svare på:

1. Det er ei kaffimaskin på Kaarstad. Eg har gitt dei beskjed at den maskina må følgast tettare opp når det gjeld rensing og vedlikehald.
2. Når maskinene sviktar er det slik at det står et telefonnummer på automaten som man kan ringe. Då fører dei tilbake pengane med ein gong. Eg opplever at telefonnummertet er veldig lite tydelig(lite klistremerke) som sikkert er bevisst frå leverandøren si side. Eg skal få laga til ein tydeligare beskjed på automatane om kva man må gjere viss maskina sviktar.
3. Når det gjeld fleire automatar så har vi hatt synfaring på mediabygget, men der er rett og slett ikkje plass. Automatane som i dag står på Aasen bygget skal flyttast til nyebygget så snart det er klart. Det er tegna inn plass til desse der. Det blir då meir i nærheit til mediabygget og dei slepp å gå ut.

Samskipnaden hadde ein avtale om drifting av automatane som gikk ut no i haust. No er det firmaet Selecta som skal fyller opp automatane og dei vil sikkert inn med fleire automatar om det er egna plass til dei. Det kostar mykje med desse automatane både leige og betalingssystem så det er viktig at dei som står her allereie går godt nok til at dei vil inn med fleire.

Kaffiavtale:

Vi oppfordrar til mindre bruk av eingongsembalasje og har i dag ein avtale på kr 12 viss studentane har med eigen termokopp. Kr 18 ved vanlig pappkopp.

Håpar dette var litt oppklarande. Eg kjem gjerne bort i gangen for ein prat om de vil:)

Info frå studentrepresentantar i råd og utval og tillitsvalde

Info frå studentane i styret i SiVolda og Høgskulestyret

Info frå representantar i Studentparlamentet

**Sak 26 – 23/24: Revidering av budsjett**

Type sak: Vedtakssak

Saksframlegg: Velferdsansvarleg

Studentparlamentet reviderte budsjettet på sist møte, 01.11.23. No viser det seg at vi hadde ein utestående faktura frå landsmøtet til NSO på 11.144 kr. Det betyr at vi må flytte litt midlar tilbake til posten "kurs og seminar". AU føreslår flytting som vist i den gule kolonna:

- 4000 kr frå budsjettposten "Møte" til "kurs og seminar"
- 5000 kr frå budsjettposten "Drift, kontor, anna uforutsett" til "kurs og seminar"

Rekneskapet for 2023 vil då sjå slik ut:

Utgifter	Budsjett 2023	Rev. budsjett 23	Rev.budsjett 23	Rekneskap 2023	Til gode
<b>Drift av Studentparlamentet</b>		vedtatt 01.11.23	vedtatt 29.11.23		
Kurs og seminar	kr 25 000	kr 12 000	kr 21 000	kr 20 574,12	kr 425,88
Møter	kr 30 000	kr 35 000	kr 31 000	kr 22 544,60	kr 8 455,40
Info og profilering	kr 30 000	kr 43 000	kr 43 000	kr 36 643,75	kr 6 356,25
Sosialt	kr 25 000	kr 20 000	kr 20 000	kr 615,70	kr 19 384,30
Drift/kontor/anna uforutsett	kr 10 000	kr 10 000	kr 5 000	kr 3 918,28	kr 1 081,72
<b>Sum Drift</b>	<b>kr 120 000</b>	<b>kr 120 000</b>		<b>kr 84 296,45</b>	<b>kr 35 703,55</b>

Når det gjeld bruk av midlar for resten av året, legg AU opp til følgjande:

- Møter: her vil 8000 gå til å dekkje utgifter til mat for dei to siste parlamentsmøta
- Info og profilering: AU vil bestille t-skjorter og evt. anna merch
- Sosialt: AU set av ca 14 000 til juleavslutning + øvrig 5 000 til mindre sosiale event før jul

**AU sitt forslag til vedtak:**

Studentparlamentet flyttar 4000 kr frå budsjettposten "møte" og 5000 kr frå budsjettposten "Drift" over til budsjettposten "kurs og seminar".

## Sak 27 – 23/24: Allmøte for tillitsvalgte

Type sak: Diskusjonssak

Saksframlegg: Fagansvarleg

---

Kvart år vel alle heiltids studieprogram (bachelor- og masterprogram) to tillitsvalde frå sitt kull (ein tillitsvald og ein vara). Disse studentane fungerer som bindeledd mellom studentane på høgskulen, Høgskulen og Studentparlamentet ved t.d. å sørge for god informasjonsflyt mellom ledda. I den samanheng inviterer Studentparlamentet dei tillitsvalde samt varaane til møte der ein kan dele erfaringar, komme med innspel til saker eller jobbe for forbetringar av studiane. Disse heldast 3-4 gonger i året.

Tal om oppmøte viser at det er stort fråfall på møta. På dette møte legg derfor AU opp til ein diskusjon av kva som bør vektleggjast når vi skal arrangere dei to neste møta.

Som ei introduksjon til debatten om møta for tillitsvalde vil fagansvarleg presentere nokon av tilbakemeldingane AU fekk på møte 24. oktober 2023.

**Bakgrunnsinformasjon:** tilbakemeldingar frå førre møte for tillitsvalde

Det har kome inn forslag frå Rokken om å avhalde møte i deira lokale.

Kva ynskjer/forventar dei tillitsvalde å få ut av møta?

- Meir konkret info: korleis finne fram til informasjon, t.d. korleis kontakte Studenthumanisten
- Meir informasjon om studentombodet, då få kjenner til denne funksjonen. Invitere vedkomande til neste møte for å gå igjennom sentrale studentrettar.
- Opplæring/kurs eller betre mal for å skrive referat frå Kvalitetsutval. Malen er for generell og utydeleg på kva som er forventa. Treng meir enn eit nøkkelord.
- Informasjon om kor klassane kan hente inn midlar til sosiale aktivitetar.
- Informasjon om bruk av Zotero, APA, samt tilbod om kjeldekurs og andre kurs. Fleire synest det er uklart kvar ein finn info om denne type kurs.

## Sak 28 – 23/24: Rekneskapet for Fadderveka 23

Type sak: Vedtakssak

Saksframleggar: Leiar for Fadderveka, Marthe Sjørebø Pedersen

---

Styret for Fadderveka 2023 ved leiar Marthe Sjørebø Pedersen legg fram årets rekneskap for Studentparlamentet.

### AU sitt forslag til vedtak:

Studentparlamentet tek rekneskapen til Fadderveka 2023 til vitande

## Sak 29 – 23/24: Innspill til investeringsmidler

Type sak: Vedtakssak  
Saksframlegg: Leiar  
Vedlegg: Vedlegg 1

---

Leiar har hatt møte med drift hvor innspillene til investeringsmidlene har blitt diskutert. Her kom det opp fleireklarheter som var ønskelig å spille tilbake til Studentparlamentet. Viser til vedlegg som ble brukt som utgangspunkt i møte. Referat fra møtet kommer under her med mer informasjon om konkret informasjon som må komme fra studentparlamentet.

Det er ønskelig å diskutere de tre punktene under hvor parlamentet kommer med konkret tilbakemelding og kommer til enighet.

### 1. Det var ønske om nye vanddispensere på campus

- Hvor er det ønskelig å plassere disse?
- Hva konkret trenger vi?

### 2. Flere stikkontakter

- Hvor er det ønskelig å plassere disse?

### 3. Flere utemøbler

- Kom med konkret ønske.
- Hvor og hvilke typer utemøbler trengs rundt på campus?
- Det er også plan om å bygge to sandvolleyballbaner mellom BK og det nye svømmebassenget når svømmebassenget er ferdig. Her er det plan om å bygge flere utemøbler. Er det ønskelig for studenter å bidra meir i denne prosessen for å bruke noen investeringsmidler til dette?

### AU sitt forslag til vedtak:

AU tar dei konkrete innspela vidare til drift.

### Bakgrunn

Referat fra møte med drift:

*Etter innspill på investeringsmidler til HVO har det blitt diskutert med drift. Tilbakemeldinger kom:*

- 1. Heis på gamle Kårstad er reparert og i full drift.*
- 2. Statsbygg jobbar kontinuerleg med UU utforming og eg skal påpeike døra inn til treverkstaden slik at dei får tatt denne når dei har tid og økonomi til utbetring.*

*Det er ønskelig at vi i parlamentet kommer med konkret ønske om hvor mange møbler trengst og kva som kan bli gjort.*



*3 og 4. Takk for innspel. Som vi avtalte sett leiar opp eit konkret ønske og kallar drift inn til ny synfaring når studentparlamentet er klar til å ta en synfaring ilag med møbelleverandør.*

*Vi ønsker å tilby gode fasilitetar til studentane og vil gjere det vi kan for å realisere ønska.*

*5. Betre ventilasjon og varme. Viser til informasjon om energisparing og generelle tilbakemeldingar på dette. Om du får meir konkret informasjon frå dei som rapporterar behovet hjelper det oss veldig. Var det kaldt berre i dag? eller er dette eit vedvarande problem over tid? Kva rom dreier det seg om?*

*Vi kan lese av temperatur gjennom ventilasjonsanlegget. Men slik informasjon er ferskvare og umogleg for oss å spore tilbake i tid. Forhold som påverkar er eksempelvis åpne glas og dører, stor utvendig temperatur endring. Varmeovner som har blitt avskrudd. Vi jobbar kontinuerlig med denne problemstillinga 😊*

*6. Nye vassdispensere. Kom med ønske, type og plassering. Det er tid for utskifting. Heilt enig.*

*7. Meir stikkontakter er under konstant utbygging over heile campus. Kom med ønsker. Gjerne ei skisse som viser ønska plassering.*

## Sak 30 – 23/24: Frivilligpermisjon

Type sak: Diskusjonssak

Saksframlegg: Nestleiar

Fleire studentorganisasjonar varslar problematikk rundt studentengasjement innanfor organisasjonane. På parlamentsmøte 01.11 varsla dagleg leiar på Studenthuset Rokken, Åge Staurset, behovet for fleire frivillige. Sjølv om det vart meldt positivt \*ståa i dag samanlikna med fjoråret er det tydeleg at det framleis manglar studentengasjement og studentpåverknad på studenthuset. Ei av bekymringane er at studentar kjenner dei ikkje har tid til å driva aktivitetar på fritida i tillegg til studia.

Eit direkte innspel frå studenthuset var om HVO innførte ei ordning med frivilligpermisjon frå studiet: med høve til å få nokre ekstra timar eller dagar i året til frivillig innsats. Dette som eit tiltak for å få opp studentengasjementet og få studentar til å senke skuldrene litt også for si eiga velferd.

Per dags dato seier Retningslinjene for frammøte og fråvær i utdanningar med obligatorisk frammøte, på punkt åtte:

*"8. Ein student som har tillitsverv i styringsordningar ved Høgskulen i Volda og Studentsamskipnaden i Volda, verv i nasjonale eller internasjonale studentorganisasjonar, eller har plikter i offentleg valde organ, kan søkje dekanen om fritak frå heile eller delar av kravet om obligatorisk frammøte."*

AU foreslår ei løysing som spelar vidare på retningslinjene til HVO. Ved studenthuset i dag signerer frivillige ein kontrakt som stiller krav til minimum 2 vakter i månaden for å oppnå frivilliggoder. AU foreslår at éi potensiell ordning kan vera at dersom ein student har fylt opp kravet om å jobbe to vakter i månaden har dei høve til å søkja om eit delvis fritak frå obligatorisk oppmøte.

AU foreslår også at ei slik løysing kan bli justert til å gjelde all deltaking i studentorganisasjonar kor aktiv deltaking er nødvendig for å drive organisasjonen og for studentane sin eigen trivsel.

### AU sitt forslag til vedtak:

Forslaget vert bearbeidd og tatt vidare til diskusjon og eventuelt vedtak på leiingsmøte.

### Bakgrunn

## Sak 31 – 23/24: Studentprisen 23-24

Type sak:	Diskusjonssak
Saksframlegg:	Leiar
Vedlegg:	Vedlegg 2

---

Kvart år har Studentparlamentet delt ut Studentprisen til ein valt student som har utmerka seg spesielt det siste året med å fremje studentvelferd. Denne prisen har brukt og blitt delt ut på opningsdagen under fadderveka.

I år bestemte leiar seg for å utsette denne nominasjonen, då det føltest feil å dele ut ein pris første dagen for berre dei nye studentane. Det har derfor vorte diskutert å flytte nominasjonen til våren slik at alle studentar kan bli nominerte. Her kan også siste års studentar bli nominert då dei ikkje treng å møte opp under fadderveka.

I den anledning opnar leiar opp for diskusjon i Studentparlamentet kor studentane diskuterer kva den beste måten er å få dele ut prisen på.

Punkt som kan diskuterast:

- Skal prisen bli delt ut saman med eit arrangement?
- Når skal vi opne for nominasjonane? Korleis kan vi klare å promotere dette
- Kvifor ein månad skal vi dele ut prisen
- Det blir delt ut internasjonal pris til ein studentorganisasjon 8. Februar. Sal vi samarbeide med der?
- Når passar det best å dele ut prisen?

### AU sitt forslag til vedtak:

AU tar med diskusjonen vidare og jobbar med innspela frå Studentparlamentet

### Bakgrunn

På nettsidene her (<https://www.hivolda.no/studentprisen>) står det meir om kva studentprisen er og tidlige nominasjonar.

## Sak 32 – 23/24: Vegg til Studentorganisasjonar

Type sak: Vedtakssak

Saksframlegg: Nestleiar

---

Tidlegare har me brukt delar av velferdspengane til å fremja studentorganisasjonane og deira synlegheit. Me ønskjer å halda fram dette arbeidet og gjera aktiviteten til studentorganisasjonane og tilgjengelegheita deira større på campus.

Eit tiltak me ønskjer å gjennomføra er å bruka ein del av pengane til å dekorera ein vegg på Berte Kanutte som er tildelt alle studentorganisasjonar, studentlag, festivalar og liknande. Planen er ein vegg med ein skjerm omringa av ei stor korktavle som er berre tileigna nemnd.

Tanken er eit dedikert område som berre nemnde kan ta i bruk, og som blir planlagt og blir administrert gjennom informasjonsansvarlege ved Arbeidsutvalet til Studentparlamentet - dette for å synleggjera og fremja kvar alle studentane kan finne informasjon om kva dei kan engasjera seg i ved Høgskulen.

Eit slikt tiltak vil unngå "stolpe-konkurransen" mellom dei ulike aktørane, og samla all informasjonen som er notidrelevant og analog på éin stad. Dette senkar også terskelen spesielt for studentar som tek mindre i bruk sosiale medium.

Ønske er å ta i bruk veggen like utanfor kontoret til Studentparlamentet. (Der det står eit piano framfor per dags dato.)



**AU sitt forslag til vedtak:**

Arbeidet tas videre etter innspel frå diskusjon, og relevante aktørar tas kontakt for utføring av eit slikt prosjekt.

**Bakgrunn**

## Sak 33 – 23/24: Åpen mulighet til å omgjøre parlamentskontoret

Type sak:	Vedtakssak
Saksframlegg:	Leiar
Vedlegg:	Vedlegg 3

I møte med drift har AU fått informasjon om at Akademika, som skulle flytte inn i parlamentet sine lokaler ikke flytter inn like vel. Men denne informasjonen ser AU en mulighet til å hive seg rundt for å finne en mulighet til å skape et meir studentrettet lokale.

Behovet for å lage en studentplass som skaper et større studentengasjement trengs på campus. Berte Kanutte har allerede et sosialt tilbud, Pangaia, som tilbyr en møteplass for internasjonale og norske studenter. Å ha noe lignende som er enda større vil skape en mer helhetlig studenttrivsel på bygget, og som vil gjøre at studenter har lyst til å bruke lokalene på skolen etter undervisning.

Ideen om å lage et "studenthub" har allerede vært varslet frå velferdsgruppa som også ser behov for et lokalet hvor studenter kan møtes, og hvor det også kan bli holdt lavterskeltilbud. Det er derfor også koblet opp velferdsgruppa som kom med gode innspill som parlamentet kan ta med videre.

Det nye lokalet til parlamentet ligger rett ved siden av de "gamle" kontorene. Ved å skape et meir harmonelt environment hvor lokalene, veggene, og gangen rund, vil dette føre til større oppmerksomhet hvor studenter har større mulighet til å oppsøke parlamentet.

AU vil derfor legge opp til en diskusjon hvor parlamentet kommer med et reelt konkret forslag til kva de gamle lokalene til parlamentet skal brukes til.

Forslag som allerede er blitt diskutert med AU og velferdsgruppa:

- Behov for møteplass, "studentstue"/studenthub
- Mini kjøkkenkrok til vaffelsteking
- Aktivitetsrom, shuffelboard, spill
- Stillekrok, et sted som kan brukes til små arrangement
- Flerbruksrom – flytte på møbler
- Mulighet til å ha dørene åpne og lukket
- Utlån av symaskin
- Må ha retningslinjer for bruk


### AU sitt forslag til vedtak:

Parlamentet tar innspela videre til drift.

## Bakgrunn

Studentparlamentet måtte flytte kontor på grunn av at Akademika skulle ta over disse lokalene. I denne prosessen har parlamentet hatt opp til flere saker hvor det har blitt diskutert og vedtatt hvor det nye kontoret til parlamentet skulle flytte.

I slutten av november skal det nye lokalet bli klart til å flytte inn.



Parlamentskontoret blir på BK 167 og BK 168

## Sak 34 – 23/24: Sanitærprodukt ved alle toalett

Type sak: Vedtakssak  
Saksframlegg: Internasjonalt ansvarleg  
Vedlegg:

---

Vi, fra Studentparlamentet, vil formelt fremlegge følgende vedtak til deres vurdering og godkjenning i håp om å forbedre studenters daglige liv ved Høgskulen i Volda.

Vedtaket:

I tråd med NMBUs vedtak på Studentting 6, 08.11.2021, angående lik tilgang til sanitærprodukter, og med henvisning til den langsiktige strategien for NMBU for 2021-2023, skal Høgskulen i Volda implementere følgende tiltak for å sikre likestilt tilgang til nødvendige sanitærprodukter for alle studenter:

Tamponger og bind skal tilbys gratis på toalettene ved Høgskulen i Volda og studentsamfunnet hus Rokken.

Dette vedtaket er basert på prinsippet om å skape et inkluderende læringsmiljø og sikre en god daglig studenttilværelse, der alle studenter har lik tilgang til nødvendige sanitærprodukter.

Ledelsen er positiv for dette tiltaket, men de vil se på økonomi delen, som kan være utfordring for å gjennomføre dette tiltaket. Maher har sendt en e-post til Sivolda for økonomisk støtte.

Vi ber om at SP ved Høgskulen i Volda tar dette vedtaket til vurdering og godkjenning, og implementerer tiltaket så snart som mulig for å forbedre studenters generelle trivsel og likestilling ved universitetet.

Vi ser fram til å høre deres tilbakemelding og håper på en positiv respons på dette viktige tiltaket for å sikre lik tilgang til nødvendige sanitærprodukter for alle studenter ved Høgskulen i Volda.

Forslaget til diskusjon

Ha en boks på BK?

Skal dette være på alle toalettets?

### AU sitt forslag til vedtak:

lik tilgang til sanitærprodukter ved Høgskulen i Volda og studentsamfunnet hus Rokken.

### Bakgrunn



## **Sak 35 – 23-24: Eventuelt**

Type sak:

Saksframlegg:

---

Møtekritikk etter formell møteslutt.